

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 53/2007

Møtedato: 5.9.07

Arkiv nr: S 654

## **S 654, Bjødnhøvd – søknad om sel**

Kåre Lome søker om å få rive det gamle selet på 65 m<sup>2</sup> og erstatte dette med eit nytt på 50 m<sup>2</sup>(BYA).

På stølen er det registrert følgjande bygningar: kokehus 23 m<sup>2</sup>, fjøs: 56 m<sup>2</sup> og sel: 65 m<sup>2</sup>. Stølen er i bruk ved beiting.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.*

*Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

Søknaden er oversendt Statskog og Oppland fylkeskommune for uttale jf. stølsforskrifta. Det var kort tid for uttale og fjellstyret behandler derfor søknaden med etterhald for desse uttalene.

### **Vedtak:**

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknad om nytt sel på vilkår av det gamle selet blir rive. Vedtaket er gjort med etterhald om at Statskog ikkje har merknader til søknaden og at Oppland fylkeskommune ikkje har merknader til riving av det gamle selet.

Dersom Oppland fylkeskommune har merknader til utforming av bygget, må søkeren korrigere teikningane i samsvar med eventuelle merknader før oversending til sluttgodkjenning i kommunen.

Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 11.9.07

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Kåre Lome  
Statskog  
Vestre Slidre kommune  
Oppland fylkeskommune, avd kulturvern